



**FINANSTILSYNET**

THE FINANCIAL SUPERVISORY  
AUTHORITY OF NORWAY

Rundskriv  
**Innkrevjing av ikkje-forfalne  
krav**

**RUNDSKRIV:**

8/2017

**DATO:**

26.09.2017

**RUNDSKRIVET GJELD FOR:**

Framandinkassoføretak

**FINANSTILSYNET**

Postboks 1187 Sentrum

0107 Oslo

Framandinkassooverksemd er å drive inn forfalne pengekrav for andre. Fleire inkassoføretak driv òg fakturaadministrasjon, det vil seie å drive inn ikkje-forfalne krav. Også middel frå slik tilleggsverksemd er klientmiddel og skal derfor avstemmast<sup>1</sup>. Ansvar som er knytt til verksemda med fakturaadministrasjon, blir likevel ikkje dekt av den sikkerheitsstillinga som det er krav om etter inkassolova. Middel knytte til denne typen verksemd, vil dermed ikkje ha same vern som klientmiddel som er omfatta av sikkerheitsstillinga.

Eit sentralt omsyn bak inkassolova er å sikre tilliten til ei sikker og forsvarleg utøving av verksemda i dei føretaka som er gitt konsesjon. Krav til sikkerheitsstilling for tiltrudde midlar er eit viktig verktøy for å redusere risikoen for at kundar skal lide tap. Som nemnt gjeld ikkje inkassoføretaka si lovpålagde sikkerheitsstilling for fakturaadministrasjon. Finanstilsynet meiner at føretaka sine kundar ikkje nødvendigvis oppfattar eller forstår dette, men nyttar tenestene til inkassoføretaket i tillit til at midla er sikra.

Finanstilsynet vurderer det som ikkje forsvarleg og trygt at inkassoføretak som driv fakturaadministrasjon, handterer klientmiddel som ikkje er sikra. For å vareta tilliten til føretak under tilsyn, er det nødvendig at òg klientmiddel som føretaka mottek i tilknytning til tilleggsverksemda, skal sikrast med særskild sikkerheitsstilling/forsikring. Ei anna løysing er å organisere inndringa slik at pengestraumen ikkje går gjennom inkassoføretaket sin klientkonto, men at skyldnar betaler direkte til kontoen til fordringshavar.


Anne Merethe Bellamy  
direktør for marknadstilsyn

Anne-Kari Tuv  
seksjonssjef

---

<sup>1</sup> Sjå Finanstilsynets rundskriv 7/2013





**FINANSTILSYNET**

Postboks 1187 Sentrum

0107 Oslo

POST@FINANSTILSYNET.NO

WWW.FINANSTILSYNET.NO